



Knarvik Barnehage AS
Lonsvegen 76
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1728 - 19/4459

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
07.02.2019

Varsel om tilsyn i Knarvik barnehage

Tilsynet vert gjennomført etter Barnehagelova med forskrifter og er heimla i §§ 8 og 16

Dato for tilsyn: 04.03.2019

Avsett tid: 09.00 – 14.00

Frå tilsynsorganet kjem Astrid Namtvedt Sylta Lindås kommune, og Åshild Hope Herland som er ekstern tilsynsførar frå Austrheim kommune.

Gjennom kontroll med barnehagen sin praksis og etterleving av dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettast opp.

Siste tilsyn med i barnehagen var i 2014.
Tilsynet vert utført ved gjennomgang av innhenta dokumentasjon, synfaring og intervju.

Tema for tilsynet vil vere dette, sitat frå rammeplanen:

- Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk
- Kommunikasjon, språk og tekst

I tilsynet vil rådmannen be om informasjon i høve til korleis barnehagen planlegg, vurderer og dokumenterer tema språk, tekst og kommunikasjon.

Dersom det vert avdekket lovbrøt, vil barnehagen få eit førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Barnehagen vil deretter få rimeleg frist til å rette det ulovlege tilhøvet, før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.



Tilsynet vert opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

| Dato | Plan |
|------------|--|
| 22.02.2019 | Frist for innsending av dokumentasjon til Lindås kommune |
| 04.03.2019 | Opningsmøte kl 09.00 |
| 04.03.2019 | Gjennomføring av intervju |
| | Utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbrøt |
| | Sluttmøte |
| | Frist for kommentarar frå barnehagen |
| | Utsending av endeleg tilsynsrapport, eventuelt med frist for retting |

Fastsetjing av datoar, sjå tabell over, må fyllast endeleg ut når tilsynet er gjennomført. Rådmannen tek atterhald om endringar i planen, og vil halde barnehagen informert om eventuelle endringar.

| Kryss av | Metode for tilsyn |
|----------|---|
| x | Synfaring inne og ute |
| x | Formøte med alle deltakarane. Fokus på føremål og opplegg. |
| X | Samtale med personar på ulike nivå i organisasjonen. |
| X | Stadfesting av om rutinar vert følgde slik det er opplyst om. |
| x | Oppsummering |

| Tal personar | Kven ? |
|--------------|---------------------------------------|
| 1 | Barnehageeigar |
| 1 | Styrar i barnehagen |
| 1 | Pedagogiske leiarar |
| 1 | Barne- og ungdomsarbeidar / Assistent |
| | Assistentar |
| 1 | Foreldrerepresentantar |
| | Barneintervju |

Endeleg plan for samtalanene vil verte utarbeidd i samarbeid med barnehagen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege jfr offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vert publisert på Lindås kommune si heimeside / postliste.

Innsending av dokumentasjon :

Rådmannen ber dykk sende inn den dokumentasjon som går fram av lista under merka med x . Fristen for innsending er sett til 22.02.2019.

| Rådmannen ber om følgjande dokument | Dokument: |
|-------------------------------------|--|
| | Gjeldande vedtekter |
| | Oversyn over bemanning, årsverk, kompetanse mv. |
| | Oversyn over barn, alder og opphaldstid |
| x | Barnehagen sin årsplan |
| | Årsrapport/evaluering av verksemda |
| x | Anna relevant dokumentasjon i høve til arbeidet med språk og kommunikasjon |
| | Ståstadsanalyse |
| | Handlingsplan mot mobbing |
| | Resultat av brukarundersøking |
| | Plan for gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak |
| x | Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon |
| x | Kompetanseplanar |
| | Plan for overgang barnehage/skule |

Kontaktperson for barnehagen er : Agnes Sønstadbø.

Spørsmålet om tilsynet kan rettast til Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune
tlf: 56375158 / 91114667
e-post: syas@lindas.kommune.no

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knarvik Barnehage AS

Lonsvegen 76

5914

ISDALSTØ